

Høyringsrunde om felles skule?

09.02.2013

AUF i Kvinnherad har også kome med ei grundig fråsegn om skulestrukturen og går mellom anna inn for at det vert gjennomført ei høyringsrunde om mogelegheiten for felles skule for Uskedalen, Omvikdalen, Malmanger og tidlegare Mauranger krets.

Dei går også inn for høyringsrunde om flytting frå Bringedalsbygda til Undarheim.

AUF går inn for gjeninnføring av eigedomsskatt og utgreiing av korleis ein betre kan nytta midlane frå kraftfondet ved å selgja oss ut heilt eller delvis.

Det er ikkje aktuelt å privatisera korkje skulebygg eller drift av skulane, heiter det i fråsegna.

Kvinnherad AUF vil på det sterkaste oppmoda til at det vert oppnådd størst mogeleg tverrpolitisk støtte til endeleg vedtak, sik at det vert ro rundt ein framtidsretta skulestruktur.